



Jan Tore er svært godt fornøgd med medaljehausten. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Jan Tore Johnsen (40), som bur på Korsnes og arbeider i AFA, symja seg i helga 2.-4. oktober til ein ny medaljehaust under rekrutt- og landsstemnet for utviklingshemma på Gjøvik. Han fekk 4 gullmedaljar av 5 mogelege og vant gull på 50 meter fri, 50 meter rygg og i to stafettar. Jan Tore deltek for klubben Stegaberg i Tysvær, som har eit spesielt godt tilbod.

Jan Tore er for veteran å rekna i symjebassenget. Han var berre sju-åtte år då han begynte å boltra seg i vatnet heime på Husnes. Då symja han for Trio og starta med bryst og fri. I dei seinare åra har han og vore ryggsymjar.

Høgdepunkta i symjekarriera har vore fleire. I 1999 var han med i Special Olympics World Games i USA og tok to fjerde- og ein femteplass.

Året etter vart den tilsvarande meisterskapen avvikla i Nederland og då vann kvinnheringen to gull og ein sølv. Under landsstemnet i Oslo ifjor vart det to gull, ein sølv og to bronse.

Under landsstemnet i år var det over 100 utøvarar og leiarar frå 15 klubbar.

Av Ola Matti Mathisen